

Emne nr. 49

KYRKJELEG FOLKELIVSGRANSKING

Ved Kristofer Sydnes

Spørjelista om religiøse truer og tilhøve, kyrkjeleg sed og skikk

*Oppbyggjing i heimen*

1. Kva namn bruka dei for husandakt i Dykkar bygd? (Halda kor, halda kveld e. l.?)
2. Var det husfaren som vanleg stod for andakten?
3. Kva bøker las dei or i far og bestefar si tid? Bibel, husandaktsbøker eller katekisma?
4. Var det nytta fri bøn eller vikebønene i salmeboki eller var det bønnebøker? (Nemn namni på husandakts- og bønnebøker som vart mest nytta.)
5. Bruka dei vanleg bygdemålet under fri bøn?
6. Enda dei bøni med Fader vår eller Herrens velsigning?
7. Var det faste ståande salmar eller vers dei nytta? (Døme på desse?) Kva songbok var i bruk utanom salmeboki?
8. Var det sume stader dei berre heldt kor om morgonen? Eller berre om kvelden?
9. Heldt dei kor kvar dag i vika, eller berre laurdagen, eller berre helgedagane? (Greid nøgje ut om dette.)
10. Nytt dei faste skikkar når dei heldt kor? T. d.: Alle sat med nesta hender og hovudet bøyggt framover?
11. Var det brukt å bøygja kne ved bordet?
12. Dei sundagane det ikkje var preik i kyrkja, las dei tekst heime då? (Nemn dei huspostillar og oppbyggjingsbøker som vanleg var nytta.)
13. Las dei som ikkje fekk høve til å gå til kyrkja preikesundagen, tekst heime?

--- \* ---

14. Heldt dei seg alltid til salmar or kyrkjeboki ved tekstlesingi? Eller kva salme- og songbøker nytta dei attåt?
15. Var det brukt bordbøn ved kvart måltid? Og var det husfaren, husmori eller einkvan av borni som les for maten?
16. Kva sa dei når dei bad borni lesa for maten? (Nemn den mest bruke "bordlester".)
17. Song dei til bords eller frå bordet i vyrka? Eller berre helgedagen? (Nemn vers. Fortel nøgje om bordskikken.)
18. Var det sunge visse salmevers i heimen jolaftan, nyårsaftan og andre høgtidsdagar eller kveldar? (Nemn døme.)
19. Las dei joleevangeliet jolaftan eller las dei bøn på jolaftan or salmeboki?
20. Takka dei einannan i handi for maten medan dei sat til bords? Eller med same dei gjekk frå bordet?
21. Var dei redd krosslagde hender? (Kva tydde det?)
22. Nytt dei instrument, når dei heldt kor om kvelden? Og kva slag?
23. Var det høgtida andre helgedagar enn dei lovfeste? Trettandedagen (gamle juldag), kyndelsmesse o.s.b. Fortel om korleis dei gamle heldt helg då!
24. Var skjertorsdag mindre vyrd som helgedag enn t.d. langfredag? Korleis synte dei gamle det?
25. Vart det sunge til bords og frå bordet i jolegjestebed og grannelag? Kva songar var i bruk?
26. Enn i gravferd? Kva bøker song dei or då? (Nemn dei.)
27. Hadde dei same bordskikk i brudlaupslag? (Nemn vers og døme på bordlester.)
28. Las dei høgt or Bibelen om kveldane når alle var samla inne? Og kva las dei serleg – profetbøkene eller?
29. Vart Openberringsboki mykje brukt til oppbygging eller tyding av tidarteikn?
30. Vart apokryfbøkene ålment lesne?

### *I kyrkjeferd*

31. Var det sers førebuing i heimen laurdagen før preikesundag? (Matreidsla, klevøling, skopuss m. v.) Fortel nøgje om dette.

--- \* ---

32. Var det husbonden som ferda til kyrkjestyssen? Kyrkjebåten eller køyregreida?
33. Fekk husmennene vera med på kyrkjebåten utan vederlag? Ein arbeidsdag i ei av onnene har vore brukt.
34. Kva sa dei som var att heime til kyrkjefolket med same dei for? (Lukka på reiso eller?)
35. Gjekk mann og kona jamnsies på kyrkjeveg, eller gjekk mannen føre og kona etter?
36. Hadde far guteborni og mor gjenteborni med seg?
37. Tok far til hatten med same han hørde første slag frå kyrkjeklokka? Og mor nei? Eller?
38. Venta kyrkjefolket utanfor kyrkjegardsmuren eller inne på kyrkjegarden til det samringde? Eller gjekk dei inn etterkvart dei kom?
39. Gjekk dei og såg om dei avlidne sine graver før eller etter tenesta i kyrkja?
40. Vart det ringt to eller tre gonger før gudstenesta?
41. Kva vart dei to eller tre ringingane kalla?
42. Bad dei noko bøn medan klokkone ringde?
43. Kva kalla dei gudstenesta til vanleg? (Preik, messa?) Og gudstenestesundagen? Preikesundag eller?
44. Kva kalla dei messefall?) Møssepreik eller?)
45. Søkke kvar huslyd å halda lag innover kyrkjegolv til si stolrekkje?
46. Hadde folket faste plassar i kyrkja? Var det nr. på kyrkjestolane?
47. Var det skilje millom manns- og kvinnesida?
49. Kor lenge heldt dei ved med faste plassar i kyrkja?
49. Var plassane fastsette gard etter gard? Eller etter skattemanntalet? Eller korleis?
50. Var alle sosiale lag i folket (embetsfolk, bønder, husmannsfolk og tenarar) jamnstelte med omsyn til plass i kyrkja? Eller korleis var det?
51. Var det noko sers som gjorde at skikken vart avskipa?
52. Bøygde dei gamle kne når dei gjekk inn i kyrkjestolen? Eller når dei var komne til sin plass i stolen?
53. Fylgde alle menn skikken å ”lesa i hatten” med same dei

--- \* ---

hadde sett seg? Og handhelsa på dei hine i stolen etterpå.?

54. Hadde kvinnene tilsvarande skikk?

55. Var borni med foreldri i kyrkjestolane?

Og ungdomen på galleriet?

56. Var det skikk å krossa seg i gudstenesta? Og når?

57. Var det visse skikkar dei knytte til visse tider i kyrkjeåret? T.d. fastetidi, langfredag?

58. Var det visse kledeskikkar til visse tider i kyrkjeåret eller til visse høgtidsdagar eller ved altergonga?

59. Kva meining la dei gamle i skikken med inngongskonor? (Reinsing, takkseing – eller berre ein tom skikk?)

60. Var det mothug mot skikken? Og kvifor?

61. Kva kalla dei den skikken?

62. Kva kalla dei kona som ”gjekk i kyrkje”?

63. Kvar gjekk innleidingi for seg? (Frå våpenhuset, innanfor kyrkjedøri eller annan stad?)

64. Hadde inngongskona fylgjekonor med seg? Kor mange? Og kva vart dei kalla?

65. Kor mykje ofra inngongskona og fylgjekonone?

Kven greidde ut pengane?

66. Var det vanleg at brudevigsla vart halden i eller i samband med gudstenesta, eller vart ho helst halden andre dagar i vika t. d. laurdag?

67. Var brudlaupsfolket i tilfelle med i gudstenesta føre og etter vigsla?

68. Gjekk brudeparet til altars på brudlaupsdagen eller i gudstenesta neste gong?

69. Var det nokon fast skikk for kor ofte folk skulle gå til altars?

Var det rekna for sosial æremink om nokon ikkje gjekk?

Var det halde for noko underleg at folk gjekk oftare enn skikken baud?

70. Fasta dei føre gudstenesta den dagen dei skulle gå til altars?

71. Nytt nattvergjestene noko serskild helsing seg imillom etter nattverden?

72. Korleis lydde den helsing kyrkjefolket vart møtte med når dei kom heimatt? (Velkomen frå kyrkja, eller?)

--- \* ---

73. Bytte kyrkjefolket klede før dei gjekk til bords?
74. Kva matrett fekk dei ”kyrkjesvoltne” som oftast?
75. Kva spørsmål vart dei møtte med ved bordet? (Kva nytt med kyrkja? Var det bede for nokon? Fall nokon frå stolen? [d.v.s. brkudlaupslysing]. Eller tvangsauksjonar?) Fortel nøgje om dette.
76. Var det vanleg at dei laut ”gje preiko att” til dei som hadde vore heime? (Gamle bestemor eller?)
77. Var det skikk sumarsdag å fara i store kyrkjelag til andre kyrkjer? Ridande, køyrande eller storbåtlag?
78. Kva kalla dei det? Kyrkjepløs eller?

### *I gravferd*

79. Vart det ringt med kyrkjeklokkone når nokon i sokni var slokna – snarast mogeleg, eller når? Var det noko namn på den ringingi?
80. Var det nokon skilnad på ringingi for menn, kvinner og born?
81. Var det vanleg at presten var med og tala i heimen ved jordeferd?
82. Når presten ikkje var med, kor bar dei seg då åt, når den avlidne vart førd or heimen?
83. Var det skikk at dei som bar kista ut or heimen, gjorde velfarsteikn? Og korleis?
84. Var det mennene i likfylgje som kasta opp gravi – eller?
85. Og var det dei same som jamna over?
86. Når det var jordfesting med same, kasta mennene ein spade jord på kista etter jordfestingi?
87. Sette dei ein staur eller anna merke til jordfestingsdagen kom?
88. Kva meining la dei i jordfestingi? (Hindra den avlidne frå å gå att, vigsla gravi eller berre skikken?)
89. Kva namn nytta dei på gravferder? (Jordeferd, gravøl, sælaba eller?)  
Fortel nøgje korleis ei gravferd var skipa til.
91. Var det skikk å samla inn pengar i gravferdslaget, t.d. til misjonen? Eller andre føremål?

--- \* ---

### *Barnedåp*

92. Vart eit barn nemnt med namn før det var døypt?

93. Var dei redde for å gå ut med eit udøypt barn føre kyrkjeferdi? Eller var dei redd å ha eit udøypt barn med på sjøen?

94. Var det noko fast meining om kor snart dei skulle få eit barn døypt?

Hende det at dei drog til grannekyrkjor for å få barnet tidleg døypt?

95. Vart det lagt stål eller salmebok, bibel eller bøker elles i vogga under eit udøypt barn? Og kvifor?

Fortel om heimedåp. Og om fadralag.

### *Ymse andre spørsmål*

96. Når vart nynorsk fyrste gong nytta i Dykkar kyrkja? Kven var prest der då? Nyttan han alltid nynorsk, eller berre ved serlege høve?

97. Vakte det mothug – open motstand – at nynorsk vart nytta i kyrkja?

Kva vart mothugen grunngeven med? Religiøse omsyn? Eller omsynet til det sømelege?

98. Har det gått vekkjingsrørsler gjennom bygdi? Når? Kven var leidaren eller leidarane?

99. I tilfelle ”fri nattverd” har vore nytta i bygdi. Når tok det til? Var det serskilde tilhøve i bygdi som gjorde at det kom i bruk?

Vart det skipa nattverdforening?

Finst det truer eller skikkar i bygdi i dei kyrkjelege tilhøve som ikkje er spurt om her, så gjer vel og grei ut om det.